

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

<b>Dato</b>	04.04.2024
<b>Vår referanse</b>	2022/50962-26
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Heidi Joki
<b>E-post</b>	Heidi.Joki@vlfk.no
<b>Telefon</b>	

## Kulturminnefagleg uttale - Konesjonssøknad - Ny Øygarden transformatorstasjon - Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune viser til vårt brev datert 23.02.2024 der vi bad Statnett om å gå i dialog for oppfølging av vedtakspunkt 2 i Saksprotokoll frå fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune, 28.-29.11.23, utvalssaksnummer PS 258/23. Det vart gjennomført eit dialogmøte mellom Statnett og Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, den 21.03.2024.

### Kulturminnefagleg vurdering

#### Konesjonssøknad Statnett, saksnr. 202309373

I møtet 21.03.2024 vart det diskutert moglege løysingar for å justere traséen for ny luftleidning over Straumsneset for å unngå konflikt med freda kulturminne. Konklusjonen vart at det ikkje var mogeleg å justere traséen på nokon måte som ville gjere konflikten med kulturminna mindre enn tilfellet for framlagt trasé. Slik Statnett viste på møtet skal mastepunkta for ny leidning over Straumsneset ikkje plasserast nær kjende freda kulturminne. Leidninga vil dermed ikkje påverke eller skade kjende freda kulturminne direkte.

Mastene vil verte svært synlege i landskapet og luftleidninga vil passere direkte over kulturminna med id. 97637, 299221, 94874 og nær fleire andre. Kraftleidninga vil gå gjennom eit kulturlandskap med høg tettleik av automatisk freda buplassar/ aktivitetsområde frå steinalder, bronsealder og eldre jernalder. Påverknaden frå ny leidning vil innebere nærverknad og visuell fjernverknad på freda kulturminne, og kulturmiljøet vil bli sterkt forringa. Kulturminna ligg på begge sider av Osundet, og visuell kontakt med sjøen og mellom lokalitetane over sundet er svært viktig for opplevinga av kulturlandskapet. For kulturminna som ligg tettast på tiltaket med id. 97651, 97637, 299215, 299217, 299221, 300996, 304033 og 94874 er det vurdert at master og leidningar vil vere utilbørleg skjemmande. Det må derfor for desse kulturminna søkast om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd før gjennomføring av tiltaket. Når det gjeld kulturminna som ligg noko lenger unna leidninga (id. 299219, 299222, 299226 og 299228) vurderast tiltaket å vere skjemmande (altså ikkje utilbørleg skjemmande), og det vil dermed ikkje vere krav om søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for desse kulturminna.

Som del av tiltaket er den vestlege delen av eksisterande leidning Litle Sotra-Kollsnes planlagt sanert, og mastepunktet vert flytta noko mot aust. Mastepunktet vil dermed kome nærare kulturminnet med id. 299227 enn dagens situasjon. Vi oppmodar om at mastepunktet vert plassert lengst mogeleg mot vest, og legg til grunn at mastepunktet ikkje kjem i direkte konflikt med freda kulturminne. Riving av kraftleidninga Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kollsnes vil potensielt vere positivt for kulturmiljøet, men dette må gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i kulturminna i området.

### Konsesjonssøknad BKK, saksnr. 202316091

BKK har søkt om etablering av ny Øygarden 132 kV koplingsstasjon, og å flytte endepunktet for 132 kV kraftledning som går frå Blomøy transformatorstasjon til Kollsnes transformatorstasjon, slik at denne i staden går mellom Blomøy og ny Øygarden koplingsstasjon.

Det er ingen kjende freda kulturminne ved sjølve koplingsstasjonen, men ny kraftledning vil gå i luft over ein freda steinalderbuplass, id. 299224. Det planlagde mastepunktet vil plasserast tett på (rundt 20 meter) det same kulturminnet. Vi oppmodar om at mastepunktet vert plassert lengst mogeleg mot vest, og legg til grunn at mastepunktet ikkje kjem i direkte konflikt med freda kulturminne. Samtidig vil den vestlege delen av eksisterande 132 kV ledning verte sanert, og dette vurderast å vere ei forbetring for dei fire andre kulturminna på vestsida av sundet, id. 299227, 299229, 299245 og 299246. Sanering av eksisterande ledning og etablering av ny ledning vil for desse kulturminna endre statusen frå å vere utilbørleg skjemmaende til skjemmaende. Vi legg til grunn at rivinga vert gjort på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i kulturminna i området. For kulturminnet, id. 299224, som får ny ledning og mast tett på, er det vurdert at tiltaket vil vere utilbørleg skjemmaende. For dette kulturminnet må det derfor søkast om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd før gjennomføring av tiltaket.

### Lovheimel og mynde

I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det ligg føre løyve etter kulturminnelova § 8. Etter forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4 har fylkeskommunen mynde til å gi slikt løyve.

### Dispensasjon etter kulturminnelova

Sidan det ikkje er mogeleg å justere kraftledningane ut frå omsyn til dei freda kulturminna, og tiltaket er vurdert å vere eit viktig samfunnsmessig tiltak kan det søkast om dispensasjon frå kulturminnelova §§ 3 og 8.

Statnett sin omsøkte luftledning som kryssar over Straumsneset er i konflikt med kulturminne id. 97651, 97637, 299215, 299217, 299221, 300996, 304033 og 94874 jamfør kulturminnelova § 3. Statnett må søke om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd for oppføring av ny kraftledning over Straumsneset.

BKK sin omsøkte 132 kV ledning er i konflikt med kulturminne id. 299224, jamfør kulturminnelova § 3. BKK må søke om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd for oppføring av ny 132 kV kraftledning.

Søknadane om dispensasjon skal sendast til Vestland fylkeskommune via søknadsportalen Digisak: <https://digisak.ra.no/front#front/index>

### Detaljplan

Dei eksisterande straumkablane for distribusjonsnett, sentralnett og regionalnett passerer direkte over og nær fleire freda kulturminne.

I Statnett sin detaljplan skal det skildrast korleis eksisterande straumkabel Lindås-Kollsnes og vestleg del av Litle Sotra-Kollsnes skal rivast og nytt mastepunkt for kraftlinje Litle Sotra-Kollsnes skal byggast. Dette må gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne (id. 299224, 299227 og 94874).

I BKK sin detaljplan skal det skildrast korleis eksisterande 132 kV straumkabel Kollsnes-Ljøsneset skal rivast og nytt mastepunkt skal byggast. Dette må gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne (id. 299224, 299227 og 299229).

Detaljplanen skal utarbeidast i god tid før anleggsstart. Det er viktig at omsynet til dei kulturminna som er registrert i tiltaksområdet vert integrert i denne planen, som at sårbare kulturminne skal gjerast inn før anleggsstart. Vi legg til grunn at dette vert gjort i tett dialog med regional kulturmiljømynde.

### Konklusjon

Statnett sin trasé for ny luftledning som kryssar over Straumsneset er i konflikt med fleire freda kulturminne, og BKK sin nye 132 kV kraftledning er i konflikt med eitt freda kulturminne. Statnett og

BKK må søke Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå kulturminnelova § 8 første ledd før gjennomføring av tiltaket.

Detaljplanen til Statnett må konkret skildre korleis eksisterande straumkablar Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast. Detaljplanen til BKK må konkret skildre korleis eksisterande straumkabel Kollsnes-Ljøsneseet skal rivast. Vi legg til grunn at dette kan gjerast på ein forsvarleg måte som ikkje inneber inngrep i automatisk freda kulturminne.

Med helsing

**David J. Sandved**  
seksjonssjef  
KFO - Kulturarv

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
BKK AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN	Muséplassen 1	5007	BERGEN